

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
027/19	Formannskapet	PS	28.03.2019
023/19	Kommunestyret	PS	04.04.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hogne Haugsdal	16/2862

Godkjenning av avtale om tenestetilbud – Lindås kommune og Nordhordland lensmannsdistrikt

Vedlegg :

Vedlegg_Avtale om tjenestetilbud - Lindås

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

- Kommunestyret godkjenner avtalen om tenestetilbud mellom Lindås kommune og Nordhordland lensmannsdistrikt

.....

Formannskapet - 027/19

FO - behandling:

Orientering ved lensmann Kjell-Idar Vangberg.
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

Kommunestyret godkjenner avtalen om tenestetilbud mellom Lindås kommune og Nordhordland lensmannsdistrikt

Kommunestyret - 023/19

KO - behandling:

Innstilliga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO - vedtak:

Kommunestyret godkjenner avtalen om tenestetilbud mellom Lindås kommune og Nordhordland lensmannsdistrikt

Saksopplysningar:

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

I politireforma er det førebyggjande arbeidet ein av dei viktigaste kvalitative endringane som skal gjennomførast og skal derfor ha stort fokus. I samband med dette arbeidet skal det utarbeidast ein gjensidig forpliktande avtale mellom politidistriktet og kommunane om tenestetilbod, politikontaktens rolle og politiråd. Avtalen skal regulera arbeidet både på operativt og strategisk nivå. Avtalen skal tilpassa behovet i kvar enkelt kommune, men stort sett omhandle dei same tema.

Tenesteavtalen mellom Lindås kommune og Nordhordland lensmannsdistrikt omhandlar følgjande:

- Konkret tenestetilbod
- Politikontakten si rolle
- Politiråd
- Forventningar til samarbeid
- Særskilte fokusområder
- Organisering av samarbeidet

Vurdering:

Rådmannen vurderer tenesteavtalen som eit godt fundament for korleis kommunen og politiet skal samarbeide om det førebyggjande arbeidet. Rådmannen rår til at tenesteavtalen blir godkjent.

.....